

# Felles brukarutval

for Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane

## Årsmelding 2021



Brukarutvalet har rett til å få sine syn framlagt for dialogmøte, koordineringsrådet, KS Sogn og Fjordane og styret i Helse Førde HF. Utvalet skal ha høve til å møte minst ein gong i året i kvar av desse organa. Årsmelding for brukarutvalet skal handsamast i desse organa.

## Forord

**Brukarutvalet (FBU)** er eit felles utval for Helse Førde og kommunane i regionen Sogn og Fjordane i Vestland fylke. Samansetjing av utvalet og mandat er regulert i eigne retningslinjer vedtekne av Koordineringsrådet som elles også, etter at administrerande direktør i Helse Førde har innstilt til verva som leiar og nestleiar, oppnemner medlemmar til felles brukarutval.

Brukarutvalet er eit rådgjevande organ for administrasjonen og styret i Helse Førde, kommunane og andre instansar. Utvalet skal sjå til at brukarmedverknaden vert ivareteken i høve samarbeidstiltak eller område som omfattar fleire kommunar og Helse Førde. Det er ei viktig målsetting at kunnskapen til brukarane vert nytta som grunnlag for å utforme og gjennomføre helse- og omsorgstenester i Sogn og Fjordane.

Gjennom driftsåret 2021 har felles brukarutval hatt slik samansetting;

<b>Brukarrepresentant</b>	<b>Organisasjon</b>	
Eiliv K. Berdal	Pensjonistforbundet	Leiar
Lene Grønsberg	Rusettervernet	Nestleiar
Arne Hovland	FFO HLF	
Marita Aarvik	FFO LHL	
Liv Stenbakk Krognest	FFO LPP	
Øystein Ryningen	FFO Norsk Revmatikerforbund	
Stein Erik Øvrebø	SAFO	
Per Tollefsen	SAFO NFU	Fritak frå april
Frida Galaasen	SAFO NFU/NHF	
Magne Sellevold	Kreftforeningen	
Kristoffer Skjolden	Fylkeskommunalt råd	
Synnøve Solhaugen Engen	Kommunalt råd	
<a href="#">Elin Therese Sørbotten</a>	<a href="#">Interkommunal samhandlingskoordinator</a>	
<a href="#">Børge Tvedt</a>	<a href="#">Klinikkdirektør Helse Førde</a>	
<b>Varamedlemmar</b>		
Solfrid Fossberg	Pensjonistforbundet	
Eysteinn Udberg	Rusettervernet	
Cindy Litlabø	Kreftforeningen	
Harald Ekroll	Fylkeskommunalt råd	
Michael Milde	Norges Blindforbund	
Ruth Berit Garfors	FFO LPP	
Jan Tore Odd	FFO LHL	
Gro Indrebø	Mental Helse	

FFO: Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon

SAFO: Samarbeidsforum for Funksjonshemmedes Organisasjoner

Sekretær/tilretteleggjar for utvalet: Administrasjonsrådgjevar Randi Holsen Solheim – Helse Førde

## **Aktivitet:**

Covid-19-pandemien gav eit nyoppnemd felles brukarutval ein noko utfordrande start på funksjonsperioden. Første utvalsmøte med presentasjon av faste medlemmar og vara vart gjennomført digitalt, og det nye utvalet fekk ei kort innføring i organisasjonsstrukturen i Helse Førde og i kommunane. Samtidig vart det orientering om samhandlingsstrukturen mellom desse partnarane. Etter dette oppstartsmøtet har felles brukarutval vore samla til fire utvalsmøter, eit av desse i kombinasjon med det årlege møtet med styret i HFD. På desse fem utvalsmøta har utvalet handsama 30 saker. Sentralt mellom desse er Handlingsplan og årshjul 2021, noko som dannar utgangspunkt for denne årsrapporteringa.

På kvart møte er det prioritert tid i open post der utvalsmedlemene orienterer kvarandre om tidsaktuelle saker. Under open post blir det vidare drøfta kven frå FBU som skal representere utvalet i ulike råd, utval og prosjekt. Som gjentakande orienteringspost har vi også saker frå administrasjonen i HFD og frå interkommunal samhandlingskoordinator. Desse orienteringane og dialogen mellom medlemane i FBU og partnerskaps-representantane er eit sentralt element for å gje FBU innsyn i arbeidet i helseføretaket og kommunesektoren, og om samhandlinga mellom partnarane.

For første gang i felles brukarutval si historie inviterte utvalet til eiga lunch-til-lunch-samling i Sogndal – der administrasjon og politisk leiing i sognekommunane var invitert. Føremålet med denne samlinga var å etablere dialog med kommunesektoren, og finne veg for felles samhandling og utvikling. Til denne samlinga var FBU sine faste medlemmer og varamedlemmar invitert. Før møtet med kommunane fekk vi innblikk i drifta ved indre Sogn psykiatrisenter – Rutlin v/ avdelingssjef Øyvind Myrmel, samt tenestetilbodet for born og unge ved Sogndal BUP v/ seksjonsleiar Tore Hågård.

Det vart i 2021 arrangert to leiarsamlingar for leiarane og nestleiarane i brukarutvala i Helse Vest. På grunn av møtekollisjonar var FBU sin leiar representert i berre ei av dessa samlingane.

Fellessamling med brukarutvala i Helse Vest var i år lokalisert på Flesland. Her deltok sju av utvalsrepresentantane, der samval som metode og opplæring/ innføring i forbetningsmetodikk vart opplevd som dagsaktuelle og nyttige tema.

## **Aktuelle saker som utvalet har fått orientering om og handsama:**

På møta i brukarutvalet har det vore tradisjon med aktuelle temaorienteringar. Slike orienteringar er dels initiert av FBU sjølv og dels av administrasjonen, fagavdelingane i føretaket og frå kommunane.

I 2021 har ein hatt desse orienteringane:

- Pasient- og brukarombodet i Sogn og Fjordane Ingrid Aanderud Sælen
- Handlingsplan for Helse Førde sin forskings- og innovasjonsstrategi v/ Janne Øien

- IKT-sjef Frode Schancke om digitale innbyggjarløysingar og sjølvbetjeningsløysingar.
- To orienteringar frå administrasjonen om arbeidet med utviklingsplanen for Helse Førde
- Orientering frå interkommunal samhandlingskoordinator om vidareføring av arbeidet med Helsefelleskap

**Møtet med styret i Helse Førde** hadde i 2021 fokus på desse sakene:

- Kontaktlegeordninga. FBU melde denne saka til agenda fordi ordninga har stor verdi for dei pasientane som har krav på kontaktlege. Ordninga er imidlertid relativt lite kjend både innanfor helsevesenet og blant pasientane. Med bakgrunn i dette er det grunn til å tru at behovet har vore større enn tilbodet. FBU har også fått tilbakemelding frå pasient som har hatt kontaktlege at dette har vor svært nyttig.
- Rus og psykiatri. Ein av hovudårsakene til at FBU tar opp denne problemstillinga er at tilbodet i spesialisthelsetenesta og i kommunane, ikkje dekker behovet for alle pasientane eller har den tilrettelegging som pasientane treng.
- Brukarmedverknad i psykiatrien.

Som observatør med tale- og forslagsrett har leiar Eiliv Berdal elles gjennom året delteke på styreseminar og styremøter.

### **Andre saker ein har tek opp skriftleg med administrasjonen i HFD**

I prioriteringa av saker ein tek opp med føretaksstyret, er det naturleg med avgrensing til nokre få og sentrale saker. Vi har difor sendt skriftleg forslag til administrasjonen i føretaket om 6 saker eller tema som utvalet ønskjer tilbakemelding på. For nokre av sakene er det allereie gjeve tilbakemelding på og nokre blir vidareført til 2022.

Tema vi har teke opp er:

1. Økonomisk langtidsplan 2022 – 2026 for Helse Førde.
2. Urologi.
3. Ortopedi ventetider – behandlingsskapasitet
4. Tilbod til barn og unge innanfor psykisk helse
5. Audiopedagog ved Helse Førde
6. Ungdomsrådet

## **Deltaking i prosjekt, råd og utval**

Generelt arbeider FBU ut frå målet om at brukarkunnskapen vert nytta som grunnlag for å utforme og gjennomføre helse- og omsorgstenester i Sogn og Fjordane. Det viktigaste verkemiddelet her er utvalsmedlemene si deltaking i ulike prosjekt, råd og utval som elles kjem fram i oversikta nedanfor.

FBU har i 2021 utnemnd representantar til 41 ulike prosjekt, råd og utval. Det vert vurdert at ein gjennom denne deltakinga får best innsyn i helse- og omsorgstenestene i Sogn og Fjordane - og at det er her ein har den beste arena for å få fram brukarperspektivet. Som fjoråret har også dette året vore prega av pandemisituasjonen, og ei rekke møter har vore arrangert digitalt. Samla oppsummering syner at utvalsmedlemene har delteke på 114 digitale møter, medan 52 møtepunkt har vore fysiske.

Dei mest omfattande og arbeidskrevjande fora med brukarmedverknad er;

### **Samhandlingsfora mellom Helse Førde og kommunane:**

- Koordineringsrådet
- Arbeidsgruppe for etablering av Helsefelleskapsmodellen
- Månadleg skriftleg bidrag til Samhandlingsnytt

### **Nye Førde sjukehus**

- Styringsgruppa for Nye Førde sjukehus
- Prosjektgruppa for Livabygget og ombygging av Svanabygget.
- Deltaking utvida prosjektgruppe
- Deltaking i undergrupper som ser på ulike løysingar på avdelingsnivå om planlegging av foaje og mottaksareal, kvinne/barn avdeling, sengepostar, pasienthotell m.m.

### **Prehospital plan**

Utvalet har vor representert i alle tre arbeidsgrupper. Deltakinga har vore utfordrande med til dels vanskelege problemstillingar med verknad for tenestetilbod og beredskap.

### **Evaluering av prosjektdeltaking**

I 2021 distribuerte vi eit spørjeskjema til brukarrepresentantane om deira oppleving av deltaking i prosjekt og råd. Skjemaet fokuserte på reell medverknad, gjensidig respekt og likeverdig kommunikasjon. Innanfor somatikk var tilbakemeldingane eintydig positive på alle desse punkta. For råd og utval innanfor psykiatrien var tilbakemeldingane litt meir reserverte. Dette er også delvis bakgrunnen for at vi har sett brukarrepresentasjon innanfor psykiatrien på agendaen i møte med styret i Helse Førde.

## Deltaking i andre møte, konferansar og liknande.

- Leiaren har delteke i og hatt innlegg i konferansen «Gode pasientforløp»
- Leiaren har hatt eitt møte med Ungdomsrådet
- Marita Aarvik var FBU sin utsending til Rehabiliteringskonferansen 2021

## Rekneskapen 2021:

I høve til godkjend årsbudsjett på 494.000NOK, har det vore eit vesentleg mindreforbuk gjennom driftsåret. Avslutta rekneskap syner forbruk stort 255029 NOK. Grunnen til dette er knytta til at digital møtgodtgjersle har lågare honorar enn godtgjersle for fysiske møter.

Tid Hierarki		2021													
ForetakNavn		Helse Førde													
WBSID		000001000													
Avdeling Hierarki		(804F) Helse Førde HF													
Beløp (Regnskap)				Maned											
WBSNavn	KontoID	Januar 2021	Februar 2021	Mars 2021	April 2021	Mai 2021	Juni 2021	Juli 2021	Oktober 2021	November 2021	Desember 2021	Totalsum			
Utval: Brukarutval Sogn og fjordane	338000	5 410											5 410		
	539000	14 350	2 500	7 350	12 050	4 350	8 750	9 950	36 000	23 500	16 550	135 350			
	539100										6 500	6 500			
	540000	2 088	353	1 036	1 719	613	1 276	1 432	5 193	3 455	3 329	20 494			
	540900										3 717	3 717			
	680000				899						899				
	686000										49 809	49 809			
	710000	3 035			924		1 995	1 344	6 445	6 631	3 693	24 067			
	710100	460			140		302	204	830	1 004	559	3 498			
	714000	912			212		207	132	1 160	1 841	750	5 215			
	716000						70					70			
<b>Totalsum *</b>		<b>26 255</b>	<b>2 853</b>	<b>8 386</b>	<b>15 944</b>	<b>4 963</b>	<b>12 600</b>	<b>13 061</b>	<b>49 628</b>	<b>36 432</b>	<b>84 907</b>	<b>255 029</b>			

## Oversikt brukarrepresentasjon i ulike prosjekt, råd og utval;

Råd, utval og prosjekt	Ansvarleg	Brukarrepresentant	Vara
Alle møter og Helix-tyringsgruppe	Børge Klakegg	Jan Tore Odd	Marita Aarvik
Arb.gr.førebygging av sjølv mord	Børge Tvedt	Gro Indrebø	
Arb.gr. Utanomhus	Terje Jan Nes	Liv S. Krognest	Eiliv Berdal
Arbeidsutval – Erfaringsråd PHV	Børge Tvedt	Lene K. Grønsberg	
Avd.råd – psyk.klinikk	Svein Ove Alisøy	Utsett	
Ernæringsutval	Marte Ulltang	Marita Aarvik	Solfrid Fossberg
Helseatlas psykisk helse og rus	Marte Bale	Eystein Udberg Per Tollefsen	
Klinikkråd PHV	Børge Tvedt	Ruth Berit Garfors Gro Indrebø	
Klinisk Etisk Komite	Helge Sårheim	Magne Sellevold	Lene Grønsberg
Koordineringsrådet	Samhandlingssjef	Eiliv Berdal Gro Indrebø	Lene Grønsberg
Kvalitetskonferansen		Jan Tore Odd	
Kvalitetsutvalet	Irene Barmen Hoel	Jan Tore Odd	
Legevaktspiloten	Gry Albrektsen	Marita Aarvik	
Leiarforum for brukarutval i Helse Vest	Jan Oddvar Gjerde	Eiliv Berdal Lene Grønsberg	

Matpanelet	Torstein Solset	Solfrid Fossberg	Øystein Ryningen
Møteplassen	Maria Ljungløf	Frida Galaasen Magne Sellevold	
Nordfjord Psykiatrisenter	Trond Aarre	<i>Eva Marie Pleym</i>	
Observatør til styret – tale og forslagsrett		Eiliv Berdal	Lene Grønsberg
Prehospital tenester – fase 3	Tom Guldhav	Øystein Ryningen	
Prehospital plan-fase 3 Arb.gr.- Lavik	Tom Guldhav	Geir Ytredal	
Prehospital plan-fase 3 Arb.gr.-Samhandling	Tom Guldhav	Jan Tore Odd	
Prehospital plan – fase 3 Arb.gr.-Ytre Bremanger	Tom Guldhav	Frida Galaasen	
Ressurssjukepleiarnettverk lindrande behandling	Marthe Hauge Aase	Synnøve Solhaugen Engen	
Samarbeidsmøte Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter og Helse Førde	Samhandlingssjef	Øystein Ryningen	
Samhandlingsforum for akutt medisinsk kjede	Gry Albrektsen	Solfrid Fossberg	
Samhandlingskonferansen	Stig Igland	Synnøve S. Engen	
Styringsgruppe Fagnettverk eldremedisin/eldreomsorg	Sunnfjord kommune ved Marta Strandos	Synnøve S. Engen	
Styringsgruppe Pasientens helseteneste	Anne Kristin Kleiven	Marita Årvik	Eiliv Berdal
Styringsgruppe Nye Førde Sjukehus	Anne Kristin Kleiven	Marita Årvik	Eiliv Berdal
Styringsgruppe for tematiske forskningssettinger i Helse Førde	Guro Mjanger	Liv S. Krognnes	
USHT (Utviklingscenter for sjukeheim og heimetenester i Sogn og Fj) sitt fag-og samarbeidsråd	Sunnfjord kommune ved Marta Strandos	Kristoffer Skjolden	
VR-Virtuell realitet som fysioterapitiltak i rehabilitering av hjerneslagpasienter med motoriske funksjonsutfall	Stig Igland	<i>Ann-Mari Søreide</i>	
Fysikalsk medisin, rehabilitering og habilitering	Stig Igland	Arne Hovland	
Vurderingsråd/jury kvalitetspris HFD	Irene Barmen Hoel	Jan Tore Odd	
Prosjektgruppa for Legemiddelhandtering i HFD	Liv Stafnes	Magne Sellevold	
Helse/Arbeid – Etablering av lokal samarbeidsgruppe	Stig Igland	Lene Grønsberg	Arne Hovland
Sengepost og pasienthotell		Arne Hovland	
Kvinne – barn prosjektet	Trude Hansen Folkestad	Cindy Litlabø	
Utvida prosjektgruppe Livabygget	Andreas Finstad	Liv S. Krognnes	
Kontaktperson fysisk og virtuelt møterom lærings- og mestringssenteret	Stig Igland	Arne Hovland	
Synsrehabilitering etter hjerneslag	Stig Igland	Michael Milde	
Utsmykking i Livabygget	Terje Jan Nes	Liv Krognnes	
Poliklinikkar og dagbehandling i Nye Førde Sjukehus		Arne Hovland	